

FET KOMMUNE
Samfunn og næring

Landbruksdepartementet
Boks 8007 Dep.

0030 Oslo

Landbruksdepartementet	
Saksnr.:	2003 / 3044 - 61
Mottatt:	08.03.2004
Saksbeh.:	WA A.R.I. 482
Kop:	

ASPLINER

Arkiv: V70-&13	Deres ref.	Vår ref. (Bes oppgitt ved svar) 2003/002663	Dato 08.03.2004
--------------------------	-------------------	---	---------------------------

HÖRING FORSLAG TIL NY LOV OM SKOGBRUK

Vedlagt oversendes höring på ny lov om skogbruk.

Fet Kommunes synspunkter framgår av oversendte saksframlegg.

Våre kommentarer dreier seg i hovedsak til nye § 4 og § 6 i lovutkastet.

Samfunn og næring

Ottar Slagtern

Ottar Slagtern
Enhetsleder

Postadr.: Postboks 100, 1901 Fetund
Kontoradr.: Rådhuset, Kirkevn. 85
Sentralbord: 63 88 61 00
Telefax: 63 88 44 05
Epost: firmapost@fet.kommune.no
Internet: http://www.fet.kommune.no

Helsestasjonen
Gamle Fetveien 13, 2. etg.
Telefon: 63 88 77 80
Telefax: 63 88 77 99

Bankgiro: 1621.07.50219
Bankgiro Skatt: 7855.05.02274
Org. nr.: 964 949 115



Saksprotokoll fra Landbruksnemnd

004/04 HØRING - FORSLAG TIL NY LOV OM SKOGBRUK

Saksbehandler Ottar Slagtern - SAMF

:

Dato: 05.03.2004

Arkivref.: 2003/002663-2 / V70-&13

Utvalg	Møte-dato	Utvalgs-saksnr.	Beh.-status	Besluttende organ
Landbruksnemnd	02.03.2004	004/04	BE	Ja

(Behandlet status: SK=Sakliste sendt, BE=Ferdig behandlet, UT=Utsatt, TB=Tilbakeført til forrige utvalg)

Underretning sendes:

-parter i saken Landbruksdepartementet, Postboks 8007 Dep., 0030 Oslo
Fet kommune
-øvrige

Dokumenter vedlagt saken:

Lovtekst - lov om skogbruk

Øvrige dokumenter i saken:

Klageadgang:

Nei

LEDERENS INNSTILLING:

1.
Fet Kommune tar nytt lovutkast til skogbrukslov til etterretning.
2.
En viser til saksframstilling for merknader til § 4 og § 6.

LANDBRUKSNEMNDAS BEHANDLING:

Lederens innstilling enstemmig vedtatt.

LANDBRUKSNEMNDAS ENSTEMMIGE VEDTAK:

1.
Fet Kommune tar nytt lovutkast til skogbrukslov til etterretning.
2.
En viser til saksframstilling for merknader til § 4 og § 6.

RÅDMANNSKONTORET, 05.03.2004

Aina Gausen
utvalgssekretær

FET KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandler:	Arkivreferanse:
Ottar Slagtern	2003/002663 - 2

Hjemmel for vedtaksmyndighet hvor myndigheten er delegert til annet organ enn kommunestyret:

Kommunestyrets myndighet etter skogbruksloven er delegert til Landbruksnemnda etter reglement for delegering av myndighet pkt 10.

Saken skal behandles av: Landbruksnemnda
Vedtaket kan ikke påklages

HØRING - FORSLAG TIL NY LOV OM SKOGBRUK

Vedlegg:

1. Lovtekst – lov om skogbruk

**Ny skogbrukslov er ute på høring.
 Saken legges fram for landbruksnemnda.**

Landbruksdepartementet sender ut forslag til ny Lov om skogbruk til høring.

Det forrige loven er Lov om skogbruk og skogvern fra 21. mai 1965.

Kommunene og andre høringsparter har frist til 15. mars med å avgjøre kommentarer.

Kommentarene fra Fet er knyttet til hver paragraf i utkastet til ny lovtekst.

§ 1. Formål med loven.

Det skal fortsatt være en lov som ivaretar verdiskapningen med med hensyn til biologisk mangfold, friluftsliv etc. En mener at dette er positivt at næringsaspektet er en hovedformål ved den nye loven.

§ 2. Skogbruksmyndighet.

Det er ikke spesielle endringer på dette punkt. Dette er også fornuftig sett ut fra dagens situasjon i kommunene.

§ 4. Skogeiers forvalteransvar.

Loven påpeker her det ansvaret hver enkelt skogeier har i sin skog.

I en situasjon med stadig økende bruk av entreprenører, preserer denne lovteksten at det stadig vekk er skogeier som har ansvaret for å følge lov og regelverk. At det skal være et avtalerettlig forhold mellom skogeier og entreprenør som utfører arbeidene i skogen er en nødvendig og riktig avklaring.

Paragrafen åpner videre opp for at Departementet kan innføre miljøforskrift for skogbruk i Norge.

Dette var også tidligere aktuelt før Levende Skog Standardene fastsatte kriteriene for hogst skogskjøtsel m.v. Man valgte den gang å legge til side miljøforskriften pga at det ble utarbeidet standarder for skogforvaltning med et system for oppfølging og kontroll.

Hensikt med en miljøforskrift skal være å sikre et målretta miljøarbeid på alle sektorer. En miljøforskrift kan avklare definisjonen på miljøhensyn som skal tas i skogen og som en Levende Skogstandard ikke er tydelig på.

Imidlertid bør slike avklaringer tas i arbeidet med å revidere standarder og ikke ved å innføre en miljøforskrift som er tenkt å leve parallelt med standardene for å drive skogen.

En miljøforskrift har sin berettigelse dersom systemet med standarder tas bort. Da oppstår en situasjon der skogbruksloven med sine eventuelle forskrifter blir de eneste gjeldende retningslinjer for skogforvaltning i landet.

Fet foreslår derfor at det ikke lages miljøforskrift som er hjemlet i skogbruksloven. Systemet med standarder beholdes og må vedlikeholdes dersom et behov for ajourføring blir mer akutt.

§ 5. Skogregistering og skogbruksplan.

Her omtales bl.a skogbruksplanlegging.

Loven presiserer nå at oversikter over miljøverdier i skog skal være offentlig tilgjengelige Dette ut fra intensjonen med ny miljøinformasjonslov. Dette er en nyttig avklaring og påpeker kommunenes ansvar i informasjonssammenheng..

§ 6. Foryngelse og stell av skog.

Plikten til å forynge et hogd skogareal er innskjerpet slik lovteksten er formulert i ny lov. Den sier bl.a nødvendige tiltak for å legge til rette for foryngelse **skal settes i gang innen tre år etter at hogsten er skjedd.**

Kommunene har ansvaret for oppsynet med at skogarealene blir forynget og stelt etter hogst. Det legges opp et kontrollsysten for å sette dette i system. Er feltene ikke forynget, skal skogeiere få en ny frist(etter at 3 år er gått) til å etablere foryngelse. Skjer ikke dette kan kommunen sørge for at dette skjer for skogeieres regning. Kommunens utgifter er i denne sammenheng tvangsgrunnlag for utlegg.

Bakgrunnen for denne skjerpelsen i lovverket er resultatkontroll for foryngelsesfelter. I Akershus viser tallene at ca 30 % av feltene ikke er tilfredstillende forynget. Tallene på landsbasis viser også samme dårlige tendens.

Fet ser det som positivt at lovverket er skjerpet, men påpeker det merarbeid som kommunene pålegges i denne sammenheng. En er også klart over at det lokalt er mangel på kvalifisert arbeidskraft til skogbruket, og at også kommunene kan få problemer med å gjennomføre

f.eks. planting på skogeiens regning.

§ 11. Meldeplikt

Det åpnes også for muligheten i ny lov til å innføre meldeplikt på host i en kommune. Med basis i å holde fokus på miljøverdiene i skogen og øke innsats til rådgiving til skogbruk kan dette innføres. Dette er en videreføring av bestemmelsene i den gamle loven.

Forslaget betyr økt tidsforbruk på kontroll av all hogstaktivitet i en kommune og bli vanskelig å følge opp i praksis pga ressurstilgangen.

§ 14 Innbetaling til skogfond.

Ordningen med skogavgift skal viderføres som nå. Ordningen skifter navn til skogfond. Fet har ingen merknader til dette.

Administrasjonens anbefaling:

1. Fet Kommune tar nytt lovutkast til skogbrukslov til etterretning.
2. En viser til saksframstillingen for merknader til § 4 og § 6.

UTVALGSLEDERS INNSTILLING:

1. Fet Kommune tar nytt lovutkast til skogbrukslov til etterretning
2. En viser til saksframstilling for merknader til § 4 og § 6.

LEDER AV LANDBRUKSNEMNDA, 23.02.2004

RANDI BUDAHL
(sign)



**DET KONGELEGE
LANDBRUKSDEPARTEMET**

STED / KOMMUNE	
SENTRALARKIVET	
Saksnr.	2003/002663 - 1
Arkivkode	V70 813
12 DES. 2003	
Etat/avd.	Saksbeh.
Kass. år	ciradering
Kopi	Bsv. Dato

Adresseliste

Deres ref

Vår ref
200303044-Dato
04.12.2003**Forslag til ny lov om skogbruk - høring**

Landbruksdepartementet sender med dette ut forslag om ei ny Lov om skogbruk til høring.
 Lova skal erstatte Lov om skogbruk og skogvern av 21. mai 1965.

Ei ny lov om skogbruk blei varsla i St. meld. nr. 17 (1998-99) Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren (Skogmeldinga). Stortinget behandla Skogmeldinga våren 1999, og hadde da mellom anna følgjande merknad (sjå s. 19-20 i Innst. S. nr. 208 (1998-99)):

“Komiteen har merket seg at Regjeringen legger opp til å starte arbeidet med en ny skogbrukslov, med klare bestemmelser om et bærekraftig skogbruk og en langsigktig ressursforvaltning. Komiteen er enig i at de skogpolitiske utfordringene krever et moderne og funksjonelt juridisk rammeverk. Det er viktig at en ny skogbrukslov blir en næringslov hvor prinsippet om frihet under ansvar opprettholdes. Loven må også gi klare rammer for de miljøhensyn som påhviler skogbruket, og som er en viktig del av den enkelte skogeiers forvalteransvar. Den nye skogbruksloven må også videreføre en skogadministrasjon på kommune- og fylkesnivå med en organisasjon og kompetanse som gjør det mulig å følge opp regelverket og de skogpolitiske mål på en god måte regionalt og lokalt.”

Departementet viser til vedlagde notat, og ber om adressatane sine synspunkt på forslaget til ny lov om skogbruk. Frist for uttale er 15. mars 2004.

I samband med høringa gjer departementet merksam på følgjande:

- Lovutkastet omfattar forslag om heimlar for forskrifter for m. a. omsyn til miljø og forfrynging av skog. Det er ønskjeleg at høringsinstansane også gir sitt syn på aktuelt innhald og detaljeringsgrad i slike forskrifter.
- Det er ønskjeleg at dei enkelte departement som tek del i høringa saman med uttalen opplyser om kva for lovendringar som er nødvendige i dei lovene som ligg under deira administrasjon, under dette tilvisingar.

Adresseliste for høring av ny skogbrukslov

(03.12.2003)

Departement

Fylkesmenn

Fylkeskommunar

Fylkeslandbruksstyra

Kommunar

Sametinget

Forvaltningsinstitusjonar m. m.

- Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS)
- Statens landbruksforvaltning (SLF)
- Direktoratet for naturforvaltning
- Riksantikvaren
- Statens Forurensningstilsyn (SFT)
- Reindriftsforvaltningen
- Statskog SF
- Opplysningsvesenets fond
- Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND)
- Økokrim

Næringsorganisasjonar m. m.

- NORSKOG Norsk Skogbruksforening
- Norges Skogeier forbund
- Norsk Almenningsforbund, c/o Rømedal Almenning, v/Rune Brenna
- Norsk Bonde- og Småbrukarlag
- Norges Bondelag
- Transportbrukernes Fellesorganisasjon
- Prosessindustriens Landsforening
- Treforedlingsindustrien Bransjeforening
- Treindustrien
- Norsk Virkesmåling
- Norske Reindriftssamers Landsforbund
- Stiftelsen Det norske Skogfrøverk
- Maskinentreprenørernes Forbund (MEF)
- SKOGBRAND Forsikringsselskap Gjensidig


Arbeidsgivar- og arbeidstakarorganisasjonar

- Kommunenes Sentralforbund
- Næringslivets Hovedorganisasjon
- Skogbrukets Landsforening
- Felles forbundet, Seksjon Skog og Land
- Norsk Naturviterforbund (NAFO)

Lista over organisasjonar og institusjonar som er adressatar femner dei fleste som normalt får større saker om skogbruk til høring. Om einskilde organisasjonar og institusjonar finn at underliggende organisasjonsledd bør gi uttale, bed vi om at organisasjonen sjølv ordner dette. Også organisasjonar som ikkje står på lista kan gi uttale.

Forslaget til ny lov om skogbruk er tilgjengeleg på Internett, www.ld.dep.no (PDF). Departementet ber om at uttaler blir sendt departementet elektronisk på adressa postmottak@ld.dep.no. Uttaler blir lagt ut på departementet si internettleite etter kvart som dei kjem inn.

Med helsing



Oluf Aalde e.f.
skogdirektør



Ivar Ekanger
avdelingsdirektør

Vedlegg

Adresseliste

Forslag til ny lov om skogbruk – høring (notat frå Landbruksdepartementet datert 04.12.2003)

Forskningsinstitusjonar

- Norsk Institutt for Skogforskning (SKOGFORSK)
- Skogbruks og Skogindustrienes Forskningsforening (SSFF)
- Norsk institutt for naturforskning (NINA)
- Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU)

Universitet og høgskolar

- Universitet i Trondheim
- Universitetet i Bergen
- Universitetet i Oslo
- Universitetet i Tromsø
- Norges Landbrukshøgskole

Naturvern- og friluftslivsorganisasjonar

- Norges Naturvernforbund
- WWF-Norge
- Samarbeidsrådet for biologisk mangfold (SABIMA)
- Den Norske Turistforening
- Friluftslivets Fellesorganisasjon (FRIFO)
- Friluftsrådenes Landsforbund (FL)
- Miljøstiftelsen Bellona
- Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF)
- Natur og Ungdom

Andre organisasjonar

- Tømmermålernes Landsforbund v/ Arnfinn Stubrud
- Det Norske Skogselskap
- Norske 4H
- Jenter i skogbruket
- Skogbruks Kursinstitutt (SKI)
- Norsk Bioenergiforening (NoBio)

Vedlegg 1. Forslag til ny Lov om skogbruk (skogbrukslova)

**Forslag til ny
Lov om skogbruk (skogbrukslova)**

Utkast, 04.12.2003

Innhold

KAP I. Innleiande føresegner	68
§ 1. Formålet med lova.....	68
§ 2. Virkeområdet for lova	68
§ 3. Skogbruksstyresmakt	68
§ 4. Skogeigar sitt forvaltaransvar.....	68
KAP II. Skogbrukstiltak.....	69
§ 5. Skogregistering og skogbruksplan.....	69
§ 6. Forynging og stell av skog	69
§ 7. Vegbygging i skog	70
§ 8. Hogst og måling	70
§ 9. Førebyggande tiltak.....	70
§ 10. Tiltak etter skader på skog	70
§ 11. Meldeplikt	71
KAP III. Vernskog og område med høgt prioriterte miljøverdiar	71
§ 12. Vernskog	71
§ 13. Skogområde med viktige miljøverdiar	71
KAP IV. Skogfond m.m.	72
§ 14. Innbetaling til skogfond	72
§ 15. Bruk av skogfondet	72
§ 16. Renter av skogfondsmiddel.....	73
§ 17. Avgift på skogsvirke for å fremme forskning og utvikling i skogbruket.....	73
KAP V. Avsluttande føresegner	73
§ 18. Tilskot.....	73
§ 19. Tilsyn, kontroll og rapportering	73
§ 20. Klage	73
§ 21. Straff og tvangsgebyr	74
§ 22. Iverksetjing og overgangsreglar	74

KAP I. INNLEIANDE FØRESEGNER

§ 1. Formålet med lova

Denne lova har til formål å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen.

§ 2. Virkeområdet for lova

Denne lova gjeld for all skog, det vil seie all grunn som produserer skog eller som etter ei samla vurdering er best egna til skogproduksjon.

Med mindre noka anna går fram av vedtatt plan eller forskrift gjeld lova òg i område som etter plan- og bygningslova er lagt ut til eit anna formål enn landbruk, men ikkje tatt i bruk til dette formålet, og i område som er verna etter naturvernlova.

Lova kan ikkje bli nytta i strid med dei rettane reindriftssamane har til trevirke og brensel.

§ 3. Skogbruksstyresmakt

Departementet er den øvste skogbruksstyresmakta etter denne lova. Det mynde som ligg til kommunen, Fylkesmannen og fylkeslandbruksstyret går fram av føresegne i lova, eller ut frå delegasjon frå departementet. Departementet kan delegera mynde etter lova til andre offentlege organ.

Vedtak eller oppgåver som i eller i medhald av lova er lagt til kommunen kan på eige initiativ bli behandla av departementet eller anna skogbruksstyresmakt når viktige omsyn tilseier det.

Fylkesmannen er skogbruksstyresmakt for skog som kommunen eig anten heilt eller delvis. Departementet avgjer kven som skal vere skogbruksstyresmakt for skog som fylkeskommunen eig anten heilt eller delvis.

§ 4. Skogeigar sitt forvaltaransvar

Skogeigaren har ansvaret for at alle tiltak i skogen blir gjennomførte i samsvar med føresegne i denne lova, og dei forskriftene som blir gitt i medhald av lova. Skogeigaren skal ha oversikt over og plikter å ta omsyn til miljøverdiane ved alle tiltak i skog. Dette miljøansvaret kan føre til at nokre tiltak i skogen ikkje kan gjennomførast. Skogeigaren har òg ansvaret for at dei som gjer arbeid i skogen rettar seg etter lova, forskriftene og miljøansvaret. Innafor desse rammer står skogeigaren i forhold til denne lova fritt til å forvalte skogen sin ut frå eigne mål.

Departementet kan gi nærmere forskrifter om dei omsyna skogeigaren skal ta i høve til skogproduksjonen og det biologisk mangfaldet, landskapet, friluftslivet og kulturverdiane.

KAP II. SKOGBRUKSTILTAK

§ 5. Skogregistrering og skogbruksplan

Skogregistrering er slike registreringar som er nødvendige for å utarbeide skogbruksplanar og områdevise skogoversikter.

Ein skogbruksplan er ein oversikt over skog- og miljøressursane på eigedomen og ein plan for forvaltninga av ressursane på den einskilde eigedomen.

Skogregistreringane kan gjennomførast i eit område jamvel om ikkje alle skogeigarane har tinga skogbruksplan. Alle skogeigarar skal ha melding om at registreringa blir gjort. Oversikter over miljøverdiane som kjem fram gjennom skogbruksplanlegginga skal vere offentleg tilgjengelege.

Departementet kan gi nærmere forskrifter om skogregistreringar og skogbruksplanlegging med m. a. krav til innhaldet i planen og føresegner om korleis data som blir samla inn skal forvaltast. Det kan bli gitt pålegg om gjennomføring av skogregistreringar og utarbeiding av skogbruksplan.

§ 6. Forynging og stell av skog

Skogeigaren pliktar å syte for tilfredsstillande forynging etter hogst, og å sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. Nødvendige tiltak for å leggje til rette for forynging skal setjast i gang innan 3 år etter at hogsten er skjedd.

Dersom skogeigaren ikkje rettar seg etter dette, avgjer kommunen om skogeigaren skal påleggjast å setje i verk tiltak for å sikre at arealet blir forynga. Tiltaket må setjast i verk innan ein frist som maksimalt kan vere på 2 år. Blir ikkje tiltaka utførte innan fristen, skal kommunen syte for at tiltaka blir utførte for skogeigaren si rekning. Kommunen sine kostnader i denne samanhengen er tvangsgrunnlag for utlegg.

Kommunen kan nekte eller setje vilkår for å plantete i skoglause område og ved skifte av treslag, grøfting, gjødsling eller bruk av plantevernmiddel så langt kommunen finn det nødvendig for å hindre store negative effektar på miljøverdiane, jf. § 1, under dette forureining av viktige vassførekommstar.

Departementet kan fastsetje nærmere forskrifter om forynging og stell av skog, under dette om krav til tilfredsstillande forynging, om skifte av treslag, bruk av utanlandske treslag, grøfting i skog, gjødsling av skog, bruk av plantevernmiddel i skog og frø- og planteforsyninga i skogbruket.

§ 7. Vegbygging i skog

Bygging av vegar til skogbruksformål kan berre gjennomførast etter løyve frå skogbruksstyresmakta, jf. § 3.

Planlegging og bygging skal skje på ein måte som tek omsyn til viktige miljøverdiar og som sikrar landbruksfaglege heilskapsløysingar. Det skal leggjast vekt på å oppnå eit rasjonelt vegnett, der det òg blir tatt omsyn til den nytten vegen kan få for anna næringsverksemd knytt til landbrukseigedomane.

Departementet kan gi nærmere forskrifter om godkjenning, planlegging og bygging av skogsvegar og av andre anlegg og tekniske inngrep knytte til skogbruk.

§ 8. Hogst og måling

Ved hogst skal det takast omsyn til skogen sin framtidige produksjon og forynging samstundes som det blir tatt omsyn til biologisk mangfold, landskap, friluftsliv og kulturverdiar. Det skal sytast for at bruk av stigar, løyper og andre ferdelsårer ikkje blir unødig vanskeleggjort for allmenta etter at hogsten er avslutta. Kommunen kan påleggje skogeigar å rette opp køyreskadar eller andre skadar etter tiltak i skogen.

Om kommunen finn at ein hogst blir planlagt eller skjer i strid med denne lova, eller kan føre med seg vesentlege ulemper for eigedommen sitt produksjonsgrunnlag, det biologiske mangfaldet, friluftsverdiar og kulturminne, kan kommunen nekte hogsten eller setje vilkår for korleis den skal gjennomførast.

Når ikkje anna er fastsett av departementet skal kjøpar og seljar syte for at alt skogsvirke som blir hogd til foredling, sal eller eksport blir målt. Departementet kan gi nærmere forskrifter om registrering og oppgåveplikt i samband med slik måling.

§ 9. Førebyggande tiltak

Når det er fare for at større skogområde kan bli skadd av insekt- eller soppangrep skal kommunen setje i verk dei førebyggande tiltak som er nødvendige. Dette kan m. a. vere pålegg til einskilde skogeigarar. Dette gjeld òg for skog og einskilde tre i område som er regulert til andre formål enn skogproduksjon. Departementet kan fastsetje nærmere forskrifter om slike tiltak, og korleis utgiftene skal dekkjast.

[Der beiting av vilt fører til vesentlege skader på skog som er under forynging, eller der beitinga er ei vesentleg hindring for å overhalde plikta til å foryne skog etter § 7 i denne lova, kan kommunen fastsetje ei tolegrens for beitetrykket.]

§ 10. Tiltak etter skader på skog

Når skogen er skadd som følgje av uheldig skogbehandling, råte, brann, vindfelling, skred, sjukdom, sopp-, smågnagar- eller insektangrep, eller andre forhold som reduserer skogproduksjonen vesentleg, kan kommunen setje i verk dei tiltak som er

nødvendige, m. a. påbod til skogeigaren om hogst. Kommunen skal setje ein frist for slike tiltak som ikkje skal vere lengre enn 2 år. Blir ikkje tiltaka utførte innan fristen, skal kommunen syte for at tiltaka blir utførte for skogeigaren si rekning. Kommunen sine kostnader i denne samanhengen er tvangsgrunnlag for utlegg.

§ 11. Meldeplikt

Når det er nødvendig for å halde kontrollen med praktisering av føresegne i denne lova, kan kommunen eller anna skogbruksstyremakt fastsetje at det skal vere meldeplikt for all hogst og alle tiltak knytt til forynging og stell av skog. Meldeplikta kan gjelde ein namngjeven skogeigar eller alle skogeigarar i heile eller delar av kommunen.

Meldinga skal sendast til kommunen seinast 3 veker før tiltaket er tenkt sett i verk. Tilbakemelding frå kommunen skal vere motteke før tiltaket blir utført.

KAP III. VERNSKOG OG OMRÅDE MED HØGT PRIORITERTE MILJØVERDIAR

§ 12. Vernskog

Med vernskog meiner ein i denne lova skog som tener som vern for annan skog, og område der skogen kan gi vern mot naturskadar. Vernskog kan òg omfatte område opp mot fjellet eller ut mot havet der skogen er så sårbar at det er nødvendig å kontrollere at skogen ikkje blir øydelagt ved feil skogbehandling.

Etter at kommunane har gitt uttale om spørsmålet, fastset fylkeslandbruksstyret grensene for vernskogen og retningsliner for forvaltninga av denne. Slike retningsliner kan omfatte meldeplikt, reglar for hogst og skjøtsel og anna. Kommunen skal syte for at alle eigarar av vernskog blir gjort kjente med vernskogvedtaket og innhaldet i den meldeplikta som blir fastsett, og kunngjere vedtaket i dei avisar kommunen elles nyttar til kunngjeringar.

§ 13. Skogområde med viktige miljøverdiar

Departementet kan ved forskrift fastsetje at det skal leggjast spesielle restriksjonar på skogbehandlinga i skogområde med særskilt viktige miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv eller kulturminne. Desse restriksjonane kan gå ut over dei restriksjonane lova elles gir heimel for.

KAP IV. SKOGFOND M.M.

§ 14. Innbetaling til skogfond

Skogfond er ei tvungen fondsavsetjing som skal gi skogeigaren eit betre grunnlag for å finansiere eit berekraftig skogbruk.

Skogeigaren skal setje av middel til skogfondet ved sal, oreigning eller anna overdraging av hogd eller framdrive virke eller av tre på rot, ved skogeigaren sin bruk av virke for vidare sal eller anna overdraging, og ved skogeigaren sin bruk av virke til å dekkje eige behov i samband med verksemder som gjeld jord og skog.

Fylkesmannen kan frita ein skogeigar frå plikta til å innbetale til skogfond etter første ledd dersom det er urimeleg å krevje slik innbetaling, og skogeigaren kan vise til at det blir utført investeringsarbeid i skogen som minst svarar til den innbetalinga som er pliktig.

Inneståande skogfondsmiddel følgjer eigedomen ved overdraging til ny eigar, og inneståande middel kan ikkje skiljast frå eigedomen ved pantsetjing, tvangsføring eller på annan måte.

Departementet fastset kor stor fondsavsetjinga skal vere, men ho skal ikkje vere lågare enn 2 % av bruttoverdien av virket.

Departementet kan gi nærmere forskrifter om utrekning og innkrevjing av pliktig innbetaling til skogfondet, og om den praktiske gjennomføringa av ordninga med skogfond.

Krav som kommunen har på innbetaling til skogfondet er tvangsgrunnlag for utlegg.

§ 15. Bruk av skogfondet

Skogfondet skal brukast til langsiktige investeringar til fordel for den skogen som virket kjem frå, eller til fordel for annan skog som skogeigaren har i same kommune. Med godkjenning frå kommunen kan middel på skogfondet òg førast over til anna skog som skogeigaren har.

Skogfondet skal i første rekkje brukast til å fremme skogkultur, skogbruksplanlegging, skogproduksjon og tiltak som tar sikte på å sikre viktige miljøkvalitetar i skogen.

Departementet kan gi nærmere forskrifter om bruken av skogfondet, mellom anna regler om frigjeving av fondsmiddel dersom det ikkje er behov for investeringar i skogen.

§ 16. Renter av skogfondsmiddel

Skogeigaren har ikke krav på renter av inneståande middel på skogfond.

Rentene av skogfondet skal nyttast til administrasjon av skogfondordninga, og til å dekkje eventuelle tap i samband med innkrevjing av pliktig innbetaling til skogfondet. Renter som ikke blir brukt til desse formåla, kan brukast til ulike skogbruksformål etter nærmere forskrifter fastsett av departementet.

§ 17. Avgift på skogsvirke for å fremme forsking og utvikling i skogbruket

Departementet kan vedta at det skal svarast ei avgift på skogsvirke til å fremme forsking og utvikling i skogbruket. Departementet kan i forskrifter fastsetje nærmere reglar om innbetaling, bruk og forvaltning av denne avgifta, og for kor lang periode ho skal krevjast inn.

KAP V. AVSLUTTANDE FØRESEGNER

§ 18. Tilskot

Departementet kan fastsetje forskrifter om fordeling av og vilkår for utbetaling av tilskot til nærings- og miljøtiltak i skog etter slike rammer som Stortinget gir. Forskriftene kan innehalde føresegner om å krevje tilskot tilbake om vilkåra for tilskot ikkje er oppfylte.

§ 19. Tilsyn, kontroll og rapportering

Kommunen skal føre tilsyn med at føresegne i lova blir haldne, og kontrollere at vedtak med heimel i denne lova blir gjennomførte.

Departementet kan gi forskrifter om den kontroll kommunen skal føre, samt om internkontrollar i skogbruket og om rapportar frå desse.

§ 20. Klage

Vedtak kommunen gjer etter denne lova kan påklagast til fylkeslandbruksstyret om ikkje departementet har gjort vedtak om at Fylkesmannen skal vere klageinstans.

Departementet eller den departementet har gitt mynde er klageinstans for vedtak gjort av fylkeslandbruksstyret eller Fylkesmannen i første instans.

§ 21. Straff og tvangsgebyr

Den som forsettleg eller aktlaust bryt eller medverkar til brot på føresegne i denne lova, eller pålegg gitt i medhald av forskrifter eller vedtak med heimel i lova, straffast med bøter eller fengsel i inntil eitt år.

For å sikre at føresegne i lova og vedtak fatta med heimel i lova blir gjennomførte, kan kommunen påleggje skogeigaren tvangsgebyr. Tvangsgebyret kan krevjast inn frå den frist kommunen har sett for retting av forholdet. Tvangsgebyr kan også fastsetjast på førehånd. Det kan fastsetjast at tvangsgebyret aukar så lenge det ulovlege forholdet varer ved, eller at det forfaller for kvart brot.

Tvangsgebyret er tvangsgrunnlag for utlegg.

§ 22. Iverksetjing og overgangsreglar

Denne lov blir sett i kraft frå Frå same tid held følgjande lover opp å gjelde:

- a) Lov om husbruksskog av 9. juni 1939
- b) Lov om avgift på skogsvirke til fremme av fellestiltak i skogbruket av 9. november 1956.
- c) Lov om skogbruk og skogvern av 21. mai 1965.

Forskrifter og vedtak med heimel i dei lovane som er nemnde i første ledd skal gjelde til departementet fastset nye forskrifter etter denne lova. Departementet kan også fastsetje dei overgangsordningane og forskrifter som er nødvendige for utfylling og iverksetjing av lova.